



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	923 702 946
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	KVAM ENERGI AS
Forretningsadresse:	Kaldestad 40 5600 NORHEIMSUND

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Dag Skår
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.03.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 08.08.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	1	6 982 962	6 804 598
Sum inntekter		6 982 962	6 804 598
Kostnader			
Lønnskostnad	1,3,4	4 990 824	4 131 355
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	5	18 529	13 913
Annen driftskostnad	1,5	2 051 375	2 035 513
Sum kostnader		7 060 728	6 180 781
Driftsresultat		-77 766	623 817
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i datterselskap og tilknyttet selskap		21 000 000	9 000 000
Renteinntekt frå føretak i same konsern		268 730	
Anna renteinntekt		1 168 136	338 693
Sum finansinntekter		22 436 866	9 338 693
Annan rentekostnad		1 113 221	438 203
Annen finanskostnad		45 000	297 233
Sum finanskostnader		1 158 221	735 436
Netto finans		21 278 645	8 603 257
Ordinært resultat før skattekostnad		21 200 879	9 227 074
Skattekostnad på ordinært resultat	7	45 244	49 956
Ordinært resultat etter skattekostnad		21 155 635	9 177 118
Årsresultat		21 155 635	9 177 118
Overføringar og disponeringar			
Ordinært utbytte		21 000 000	9 000 000
Overført til annen egenkapital		155 635	117 118
Sum overføringar og disponeringar		21 155 635	9 117 118



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	7	43 611	48 801
Sum immaterielle egedelar		43 611	48 801
Varige driftsmiddel			
Maskiner og anlegg	5	21 282	23 190
Sum varige driftsmiddel		21 282	23 190
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	8	133 161 000	133 161 000
Lån til føretak i same konsern	9	188 660 768	173 621 200
Investeringer i aksjer og andeler	8	79 233	37 771
Pensjonsmidler	4	614 718	583 410
Sum finansielle anleggsmiddel		322 515 719	307 403 381
Sum anleggsmiddel		322 580 612	307 475 372
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Andre fordringer		205 716	125 855
Konsernkrav	10	44 966 961	9 000 000
Sum krav		45 172 677	9 125 855
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	11	202 597	8 409 362
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		202 597	8 409 362
Sum omløpsmiddel		45 375 274	17 535 217
SUM EIGEDELAR		367 955 886	325 010 589



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	12,13	10 000 000	10 000 000
Overkurs	13	119 447 876	119 447 876
Sum innskoten eigenkapital		129 447 876	129 447 876
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital	13	332 753	177 117
Sum opptent eigenkapital		332 753	177 117
Sum eigenkapital		129 780 629	129 624 993
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9,10	167 196 680	173 621 200
Sum anna langsiktig gjeld		167 196 680	173 621 200
Sum langsiktig gjeld		167 196 680	173 621 200
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		37 614 781	
Leverandørgjeld		324 853	197 692
Betalbar skatt	7	40 054	33 018
Skyldige offentlige avgifter		11 557 502	8 329 100
Utbytte		21 000 000	9 000 000
Kortsiktig konserngjeld		106 159	3 889 240
Annen kortsiktig gjeld		335 228	315 346
Sum kortsiktig gjeld		70 978 577	21 764 396
Sum gjeld		238 175 257	195 385 596
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		367 955 886	325 010 589



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Energisal	1,2	333 004 655	135 598 680
Inntekter overføring	1	57 051 309	55 082 055
Andre driftsinntekter	1	41 193 277	28 429 985
Sum inntekter		431 249 241	219 110 720
Kostnader			
Aktivering investeringsarbeid		-6 647 818	-6 404 607
Energikjøp	1	294 197 879	121 473 371
Overføringstjenester	1	6 045 495	14 356 414
Lønnskostnad	1,3,4	32 833 915	31 220 864
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	5	15 062 226	14 059 253
Annen driftskostnad	1,5	17 334 733	15 705 246
Sum kostnader		358 826 430	190 410 541
Driftsresultat		72 422 811	28 700 179
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		416 902	437 782
Sum finansinntekter		416 902	437 782
Annan rentekostnad		5 511 041	3 954 787
Annen finanskostnad		297 210	310 675
Sum finanskostnader		5 808 251	4 265 462
Netto finans		-5 391 349	-3 827 680
Ordinært resultat før skattekostnad		67 031 462	24 872 499
Skattekostnad på ordinært resultat	7	14 775 823	5 470 327
Ordinært resultat etter skattekostnad		52 255 639	19 402 172
Årsresultat		52 255 639	19 402 172
Overføringer og disponeringar			
Ordinært utbytte		21 000 000	9 000 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Overført til annen egenkapital		31 255 639	10 402 172
Sum overføringar og disponeringar		52 255 639	19 402 172



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Anlegg, bygningar og annen fast eigedom	5	329 832 040	316 115 110
Maskiner, transportmidlar og inventar	5	7 070 529	8 149 560
Sum varige driftsmiddel		336 902 569	324 264 670
Finansielle anleggsmiddel			
Lån til føretak i same konsern	9	297 656	297 656
Investeringer i aksjer og andelar	8	2 575 692	2 395 965
Pensjonsmidlar	4	3 580 421	4 088 096
Sum finansielle anleggsmiddel		6 453 769	6 781 717
Sum anleggsmiddel		343 356 338	331 046 387
Omløpsmiddel			
Varer			
Materiallager		3 782 968	3 903 271
Sum varer		3 782 968	3 903 271
Krav			
Kundefordringar		80 789 738	52 376 862
Andre fordringar		8 844 801	15 721 810
Sum krav		89 634 539	68 098 672
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar	11	24 357 570	1 786 328
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		24 357 570	1 786 328
Sum omløpsmiddel		117 775 077	73 788 271
SUM EIGEDELAR		461 131 415	404 834 658



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	12,13	10 000 000	10 000 000
Overkurs	13	118 389 025	118 389 025
Sum innskoten eigenkapital		128 389 025	128 389 025
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	13	43 701 046	12 445 409
Sum opptent eigenkapital		43 701 046	12 445 409
Sum eigenkapital		172 090 071	140 834 434
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt		3 980 736	3 156 046
Andre avsetjinger for forpliktingar		894 000	894 000
Sum avsetjinger for plikter		4 874 736	4 050 046
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9,10	167 196 680	173 621 200
Sum anna langsiktig gjeld		167 196 680	173 621 200
Sum langsiktig gjeld		172 071 416	177 671 246
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		0	11 381 740
Leverandørgjeld		11 481 969	13 806 617
Betalbar skatt	7	13 951 133	2 198 910
Skyldige offentlige avgifter		19 258 260	16 868 621
Utbytte		21 000 000	9 000 000
Annen kortsiktig gjeld		51 278 566	33 073 089
Sum kortsiktig gjeld		116 969 928	86 328 977
Sum gjeld		289 041 344	264 000 223
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		461 131 415	404 834 657



Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Kvam Energi AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvam Energi AS som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultat og kontantstraumar for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisebilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultat og kontantstraumar for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Penneo Dokumentnøkkel: 6UBZ1-AA3UN-W044M-FOEZ6-BSJL5-IWS8T



Deloitte.

side 2
Melding frå uavhengig revisor -
Kvam Energi AS

intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeide av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekkjer gjennom revisjonen.

Bergen, 30. mars 2023
Deloitte AS

Bjørn Lyse Opdal
statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: 6UBZ1-AA.3UN-W044M-FOEZ6-BSJL5-IWS8T



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo"™ - sikker digital signatur.
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

BJØRN LYSE OPDAL

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5990-4-2647745

IP: 81.166.xxx.xxx

2023-03-31 17:28:37 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 6UBZ7-AA3JN-W044M-FOEZ6-BSJL5-IW58T

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2022

Kvam Energi AS

Kvam Energi AS er heileigd av Kvam herad, og er morselskap i konsernet Kvam Energi AS. Selskapet vart skipa 27. september 2019 i samband med innføring av selskapsmessig skilje og etablering av konsernstruktur for Kvam Kraftverk AS.

Konsernet består, forutan morselskapet Kvam Energi AS, også av dei heileigde dotterselskapa Kvam Energi Nett AS og Kvam Kraftverk AS.

I tillegg til å vere eigar av dotterselskapa består aktiviteten i morselskapet av levering av fellestenester som administrasjon, økonomi, IT, HR og liknande til dotterselskapa.

Økonomi

I tillegg til årsrekneskap for selskapet Kvam Energi AS, er det også utarbeidd konsernrekneskap.

Driftsrekneskapen for konsernet viser eit resultat før finans og skatt på 72,423 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 16,8 prosent. Resultat etter skatt vart 52,256 mill. kroner.

For selskapet Kvam Energi AS vart resultatet etter skatt på 21,156 mill. kroner. Dette etter å ha mottatt utbytte frå dotterselskapa på til saman 21,000 mill. kroner.

Resultatet av drifta i konsernet fordeler seg slik (tal i heile 1 000)

Kraftomsetnad	-45 094
Produksjon	109 062
Nettverksemd	8 421
Fibernet	- 561
<u>Sekundærverksemd</u>	<u>595</u>
<u>Driftsresultat</u>	<u>72 423</u>
Netto finanspostar	5 391
<u>Ordinært resultat før skatt</u>	<u>67 032</u>
Skatt på ordinært resultat	14 776
Resultat i året etter skatt	52 256

Omsetnaden i året enda på 431,3 mill. kroner, mot 219,1 mill. kroner i 2021. Hovudårsaka til den store omsetningsauken er dei svært høge kraftprisane. I 2021 var den gjennomsnittlege elspotprisen i NO5 på 75,72 øre/kWh (historisk låg med 9,68 øre/kWh i 2020) medan den no i år var på 193,4 øre/kWh (ref. Nordpool).

Resultata frå drifta i 2022 bærer preg av å vere veldig lik som i 2021, bortsett frå at tala som følgje av vesentleg høgare kraftpris, er mykje høgare.

Det negative driftsresultatet for kraftomsetnaden på -45,094 mill. kr, er skuffande og naturlegvis langt frå det nivået denne aktiviteten bør ligge på. At driftsresultatet ville bli negativt var likevel forventa og årsaka ligg i sal av fastprisavtaler hausten 2021, utan tilstrekkeleg sikring av tilsvarende innkjøp.

Årsakssamanhengen her vart gjort greie for i fjorårets beretning, og det er forventa at også i dei komande åra vil dette påverke driftsresultatet til kraftomsetninga, dersom kraftprisane framleis vert såpass høge.

Sjølv om driftsresultatet var skuffande for kraftomsetnaden, var det tilsvarende gledeleg for kraftproduksjonen. Forutan at kraftprisen bidrog til eit rekordhøgt driftsresultat på 109,062 mill. kr, vart det også produsert 63,1 GWh som er 3,1 GWh over 10 års medelen. Dette skuldast god utnytting av tilgjengeleg vassmengd men også at produksjonen ved den nye kraftstasjonen i Skulafossen viser seg å vere endå meir effektiv enn det som var forventa i tidlegare prognosar.

Så lenge me produserer kraft og kraftstasjonane fungerer tilfredsstillande, vil oppsida av høge kraftprisar heile tida vere høgare enn nedsida ved fastprisavtalane som vart teikna hausten 2021.

Nettverksemda fekk eit driftsresultat på 8,421 mill. kroner i 2022 mot 9,202 mill. kr. i 2021. Dei høge kraftprisane og generelt sett høg kostnadsvekst, har medført svært stor auke i nettrammene, både for



nettselskapet og i bransjen forøvrig. Dette bidrar til at driftsresultatet er relativt sett omtrent på same nivå som dei føregåande åra.

Nettselskapet sine samla KILE kostnader var på 0,515 mill. kr. i 2022 mot 0,847mill. kr. i 2021. Både KILE kostnader og varigheit pr berørt abonnent er på eit lågt nivå samanlikna med mange andre nettselskap i landet. Dette tyder på at nettselskapet si respons- og feilrettingstid er kort, og at me har eit godt utbygd straumnett.

Aktiviteten knytt til fibernettet fekk eit driftsresultat på -0,561 mill. kroner i 2022, mot -0,811 mill. kr. i 2021. Driftsresultatet er framleis negativt og såleis ikkje tilfredsstillande, sjølv om det er ei forbetring på om lag 0,3 mill.kr. samanlikna med føregåande år. Inntektene auka med 0,64 mill. kr. i 2022, hovudsakeleg som følge av prisjusteringar. Dette gav likevel lågare inntekter enn forventa og kompenserte ikkje tilstrekkeleg for den generelle kostnadsveksten.

I budsjettet for komande år er inntektssida forsøkt justert endå betre for den høge kostnadsveksten, samt at fleire tiltak er iverksett for å redusere driftskostnadene. Fokus er effektiv drift av eksisterande kundemasse og lågare tilvekst av nye kundar.

Sekundærverksemda inneheld ulike typar aktivitetar som veglys- og entreprenørtjenester, service på tidlegare leverte varmpumper og ulike andre typar mindre tenester. I tillegg er alle konserninterne elmineringar lagt her. Samla fekk verksemdsområdet eit positivt driftsresultat på 0,595 mill. kroner.

Totalkapitalen for konsernet ved utgangen av året endar på 461,1 mill. kr. mot 404,8 mill. kroner i 2021. Eigenkapitalen utgjorde 37,3 %, som er ein auke på 2,5 % samanlikna med førre år. Konsernet sin soliditet og eigenkapital grad er god, og på nivå med tilsvarende verksemdar.

Verksemda har dei siste åra gjennomført svært store investeringar. Forutan den nye kraftstasjonen i Skulafossen i 2020, har nettverksemda i 2022 iverksett full opprusting og fornying av koplingsanlegga på Kalvagjerdet og Kaldestad. Disse er planlagt ferdigstilla i 2023. I tillegg vert det kvart år utført betydelege forbetringar og investeringar i straumettet. Alle nett-investeringar vert finansiert ved opptak av nye lån eller utviding av kredittar. Øvrige investeringar vert dekkja inn ved bruk av verksemda sine positive resultat.

Styret vil føreslå eit utbyte til eigar på 21,0 mill. kroner for 2022.

Vidare drift

Årsrekneskapan for konsernet Kvam Energi for 2022 er avlagt med føresetnad om vidare drift. Dette på bakgrunn av budsjettet for 2023 samt vurderingar av soliditet og innteningspotensiale.

Personell, arbeidsmiljø og tryggleik

Konsernet Kvam Energi hadde 31 fast tilsette fordelt på 31 årsverk ved årsskiftet. Av desse var 3 kvinner og 28 menn. I tillegg har ein lærling i energimontørfaget.

Konsernet har gjennomgåande styre for alle selskapa. Styret er samansett av 2 kvinner og 3 menn.

Selskapet arbeider for å fremja likestilling, mangfald og hindra diskriminering.

Samla sjukefråvær i konsernet i 2022 var på 5,46 %, av dette utgjorde langtidsfråvær 2,89 %. Verksemda har som målsetjing at sjukefråværsprosenten skal vera under 3 %. Det har vore ei hending som førte til medisinsk undersøking men ikkje sjukefråvær i 2022. Lovpålagde tryggleiks- og førstehjelpskurs har vore gjennomførte for driftspersonalet. Alle tilsette i konsernet er tilslutta bedriftshelsetenesta «Bedriftshelse1». Arbeidsmiljøet ved verksemdene vert sett på som godt.

Ytre miljø

Kvam Energi har stor fokus på natur- og miljømessige konsekvensar av våre aktivitetar. Det har ikkje vore uhell eller hendingar i 2022 som har ført til utslipp eller skadar på det ytre miljøet. Miljøbesparande tiltak vert jamnleg vurdert i konsernet. Mogeleg erstatning av bilparken med elektrisk drivne bilar er vurdert også i løpet av 2022. Førebels er kravet til driftssikkerheit, framkomst og økonomi slik at dette ikkje har vore fornuftig å gjennomføra.

Som tidlegare år er det også i 2022 sett ut 500 fiskeyngel i Krokavatnet.



Samfunnsbedrift

Kvam Energi er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam og har stort fokus på kvalitet og leveringstryggleik. I tillegg er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv lærebedrift. Konsernet Kvam Energi bidreg til den lokale verdiskapinga gjennom kjøp av varer og tenester.

Framtidsutsikter

Strategiplanen dannar grunnlag for korleis konsernet Kvam Energi skal driva og utvikla forretningsverksemda si i åra framover.

For konsernet og Kvam Kraftverk, står kraftproduksjonen for ein stor del av overskotet i verksemda. Det er difor viktig å sikra produksjonsmidlane. Skulafossen kraftstasjon vart fornya i 2021. Det som no står for tur er fornying av dammane på Krokavatnet. Endra forskriftskrav gjer at desse må forsterkast.

Arbeidet er planlagt utført i 2023.

Både Kaldestad- og Skulafossen kraftstasjon har reguleringsmagasin og inngår i konsernet sin beredskap for straumforsyningstryggleiken i nettområdet.

Kvam Kraftverk har ein godt utbygd fiberinfrastruktur i Kvam. Ein forventar at investeringane i nye områder vert kraftig redusert framover.

Kvam Energi Nett er ei monopolverksemd som er strengt regulert gjennom ulike lover og forskrifter. Det vil dei næraste åra truleg koma fleire endringar som vil krevje tilpassingar. Me er godt budde på dette. Verksemda samarbeider med andre på fleire ulike områder. Me trur at samarbeid som gagnar drifta berre vil verta viktigare framover, og er noko me kjem til å ha fokus på.

Kvam Energi Nett har som målsetjing at distribusjonsnettet skal vera optimalt med tanke på kvalitet, leveransetryggleik og økonomi. Dette medfører kontinuerlege tiltak og investeringar som er med på å redusere effektapa i fordelingsnettet og styrke forsyningskvaliteten- og tryggleiken.

Arbeidet med utskifting av 22 kV koblingsanlegga på Norheimsund sekundærstasjon og på Kaldestad vart starta i 2022 og vil stå ferdig i løpet av 2023.

I tillegg har verksemda både ei investerings- og tilknytingsplikt i forhold til nye kundar i straumnettet.

Elektrifisering og auka forbruk innan industri og næring vil føre til auka nettinvesteringar. Mellom anna gjeld dette for området Tørvikbygd/ Strandebarm. Her vert det sett på ulike løysingar.

Nokre av moglegheitene dei nye AMS målarane og innsamlingssystemet gjev oss er mellom anna betre overvaking av nettstasjonar og jordfeildeteksjon.

Komande investeringar

Konsernet har brukt betydelege midlar på naudsynte investeringar dei siste åra. Fornyng av dammar på Krokavatnet, forsterkingar og utskifting av viktige koblingsanlegg i nettet gjer at investeringsnivået kjem til å halde seg høgt også dei neste åra. Finansieringa av dette må gjerast gjennom nye låneopptak.

Finansiell risiko

Historisk sett er ikkje verksemda sin finansielle risiko knytt særskilt tettare til det eine eller det andre av områda marknad-, kreditt- eller likviditetsrisiko. Men gitt den kraftpris volatiliteten som faktisk har vore sidan 2020, med svært låge prisar og gjennom slutten av 2021 og særskilt i 2022 med historisk høge prisar, kan det synes som sjølve kraftmarknaden representerer den største finansielle risikoen for verksemda.

Marknadsrisiko

Verksemdsområda kraftomsetnad og kraftproduksjon er eksponert for lågare inntening i ein marknad med svingande prisar.

For å redusere pris- og volumrisikoen knytt til desse verksemdsområda, er det etablert risikopolicy og rutinar knytt til dei ulike kraftavtalane til sluttbrukarar. I lys av den ekstraordinære situasjonen som oppstod mot slutten av 2021, med sterkt volatile og høge kraftprisar, er risikopolicy og rutinar gjennomgått, forbedra og oppdatert. Denne problemstillinga har hatt negativ innverknad på resultatet til kraftomsetnaden i 2021 og 2022, og vil med redusert kraft også få innverknad dei komande åra. Motvekta til denne usikkerheita er kraftproduksjonen, som heile tida vil motverke og meir enn kompensere desse negative sidene, så lenge produksjonen kan gå som normalt.

Innkjøp av kraft for vidareasal til sluttbrukarar går gjennom alliansepartnar Fjordkraft, småkraftprodusentar og frå eigen produksjon av kraft.



Prisrisiko knytt til kraftproduksjon kan handsamast gjennom prissikring av inntil 50 prosent av normal produksjon i inneverande kalenderår, og fram til utgangen av neste kalenderår. Prissikringa kan overstiga 50 prosent i periodar av året, men skal i snitt ikkje overstiga denne grensa. På grunn av tidlegare inngåtte tapsbringande fastprisavtaler ynskjer ikkje selskapet å prisikra produksjonen med meir enn dei relativt små volum som det tidlegare var gjort avtale om.

Valutarisikoen for verksemda er først og fremst knytt til eventuell handel av kraft og elsertifikat i framand valuta, samt generelle innkjøp frå utlandet. Valutarisiko gjennom kraftmarknaden er minimert gjennom avtale med Fjordkraft som handsamar kjøp og sal av kraft for verksemda. Oppgjær mellom Kvam Kraftverk og Fjordkraft vert gjort i norske kroner.

Kredittrisiko

Verksemda sin kredittrisiko vert vurdert til å vere låg.

Kundemassen innanfor verksemdsområda kraftomsetning og nett består i hovudsak av mange kundar med relativt lågt uteståande beløp pr. kunde. Vidare så har konsernet etablerte rutinar og interne styringsreglar for å avgrense kredittrisikoen knytt til alle uteståande krav. Dette gjelder både kraft- og nettleige krav.

Likviditetsrisiko

Det vert årleg utbetalt utbytte til eigar. Dei siste åra har det også vorte gjennomført store investeringar i konsernet, både innanfor produksjon og nett. Samla medfører dette ein til tider krevjande likviditets-situasjon. Det er heile tida tett og god dialog mellom banken og verksemda vedkomande dette emnet.

Dei ulike verksemdsområda har forskjellig likviditetsbehov gjennom året og dette behovet vert styrt gjennom felles likviditetsstyring og felles konsernkontoordning for konsernet.

Konsernet har langsiktig pantelån på 167,2 mill. kr. Det er knytt låne-covenants til konsernet sitt innlån og trekkfasilitetar. Alle vilkår knytt til innlån og trekkfasilitetar var oppfylt og på plass ved utgangen av 2022.

Konsernet har renterisiko knytt til pantelånet og har valt å redusere denne risikoen ved å inngå fastrenteavtale, reforhandla i 2020, som dekker om lag 50% av den langsiktige gjelda knytt til fiber og kraftproduksjon.

Konsernet har etablerte rutinar og interne styringsreglar for å avgrense kredittrisikoen knytt til alle uteståande krav. Dette gjelder både kraft- og nettleige krav.

Styreansvarsforsikring

Kvam Energi har teikna styreansvarsforsikring i KLP Skadeforsikring AS. Forsikringa gjeld for noverande, tidlegare og framtidig styremedlem og leiande tilsett i konsernet med dotterselskap.

Openheitslova

Rapport om konsernet si aktsomheitsvurdering i høve openheitslova vert gjort tilgjengeleg via Kvam Kraftverk sine heimesider.

Disponering av overskotet i konsernet Kvam Energi AS

Styret føreslår at overskotet for 2022 vert disponert slik.

Føreslege utbytte	kr	21 000 000
<u>Overført til annan eigenkapital</u>	<u>kr</u>	<u>31 255 639</u>
SUM disponert	kr	52 255 639

Det føreslegne utbyttet er prosentvis lågare enn det som ligg i eigarstrategien. Årsaka til dette er dei store investeringane konsernet har framføre seg.



Kvam Energi Nett AS

Kvam Energi Nett AS er eit heileigd dotterselskap av Kvam Energi AS. Selskapet var skipa 16. oktober 2019 i samband med omorganisering til konsernstruktur for Kvam Kraftverk AS. Verksemda har områdekonsesjon for bygging og drift av straumnett i Kvam.

Økonomi

Driftsrekneskapan viser eit resultat før finans og skatt på 8.882 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 11,9 prosent. Resultat etter skatt vart 4.150 mill. kroner.

Inntektsramme for nettverksemda

Nettinntektene er fastlagde av ei inntektsramme frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg kjem nettleigekostnader til overliggande nett og eigedomsskatt på nettverksemda. I 2022 vart inntektsramma på 54,715 mill. kroner. Eigedomsskatten var på 2,08 mill. kroner, og kostnader til overliggande nett på 8,603 mill. kroner. Kostnad med KILE utgjorde 0,515 mill. kroner. Totalt tillaten nettinntekt vart då 67,233 mill. kroner.

Faktisk inntekt frå nettleigetariiffane, andre nettinntekter og flaskehalsinntekter (12,002 mill) var på 67,218 mill. kroner. Berekna mindreinntekt for året 2022 vert då på om lag 0,015 mill. kroner. Total mindreinntekt inkludert tidlegare mindreinntekt vert då i størrelsesorden 4,460 mill. kr

Drift og vedlikehald av straumnettet

Ved utgangen av året hadde verksemda 257 km høgspennett og 405 fordelingstransformatorar. Det er montert og sett i drift 11 nye nettstasjonar der 7 av dei er reinvestering. Ved utgangen av året var det i alt 684 km lågspennett, ein auke på 8 km frå 2021.

Nokre av dei større prosjekta i 2022 har vore:

- Fornyng av nettstasjon Kjetilstrø og på Nordheim, endra plassering og kapasitetsauke.
- Ny nettstasjon i Eikedalen Fjellandsby for nytt hyttefelt i Eikedalen.
- Fornyng av nettstasjon Varden, erstatning for mastetrafo i samband med utviding av hyttefelt.
- Ny nettstasjon og endra plassering i Dalavegen, samt flytting/fornyng av straumnett i areal berørt av vegutviding og VA-oppdatering.
- Ny nettstasjon og endra plassering på Bjørketeigen.
- Ny nettstasjon og endra plassering på Tangerås.
- Ny nettstasjon som erstatning for traforom inne i bygg ved Gamleskolen i Norheimsund.
- Ny nettstasjon ved Steinbu, kapasitetsauke i området.
- Ny nettstasjon ved Sandvenhagen 3, stasjon for nytt bustadfelt.
- Ny nettstasjon ved Vetlevasshaugen, stasjon for nytt hyttefelt.
- Koplingsstasjon ved Lingasundet.
- Skifte av fleire høgspenn stolpar i 22 kV luftnett grunna hakkespetthol og rote.
- Betydelig skogrydding i 22 kV høgspenn nettet.
- Fornyng av Norheimsund koplingsanlegg (22 kV brytaranlegg Kalvagjerdet) – ferdig i 2023.
- Fornyng av Kaldestad koplingsanlegg (22 kV brytaranlegg på Kaldestad) – ferdig i 2023.
- Utskifting av nullpunkts-spole i Øystese, dette for å auke kapasiteten.

Beredskap og forsyningstryggleik

Kvam Energi Nett AS har til ei kvar tid minst to personar i beredskapsvakt for straumnettet. Ved varsel om krevjande værissituasjonar vert risikoreduserande tiltak som utkalling av ekstra mannskap i vaktstyrken, vurdert løpande.

Det har vore nokre hendingar og feilsituasjonar i 2022 som har ført til utkoplingar. Følgjande kan nemnast:

- 31. januar – 12. februar: utfall i området Botnen/ Jarane som følgje av feil på sjøkabel. Feilen vart retta ved hjelp av spesialfartøy. Dette førte til at feilrettingstida vart lang.
- 05. februar – feil i området Haukås / Tordalen i Strandebarm.
- Andre større utkoplingar har vore planlagd og varsla til berrørte kundar.

Alle beredskaps- og feilsituasjonar på straumnettet har også i 2022 vorte handsama på ein god og effektiv måte.



Det lokale eltilsyn (DLE)

Kvam Energi Nett utfører eltilsyn i forsyningsområdet. Dette omfatter fysisk kontroll av elektriske anlegg og revisjon av elektroentreprenører. Det vert og utført opplæring og informasjon om eltryggleik til mellom anna skuleklassar, pensjonistar, Kvam vaksenopplæring og heimhjelpa. Ein god del av dette informasjonsarbeidet har i 2022 vore gjort i samarbeid med Kvam Brannvern.

Ein yter også bistand til politiet i samband med brannetterforsking.

Det har i løpet av dei siste åra vorte avdekkja fleire avvik/manglar med el-anlegg utført av eit elektroføretak registrert utanfor Kvam. DLE har nytta ekstra ressursar og føreteke grundige verifikasjonar på arbeid utført av dette firmaet. Denne ressursbruken er godkjent av DSB via prosjektsøknad.

I 2022 vart det til saman gjennomført 285 verifikasjonar/tilsyn i privathus, hytter, næringsbygg o.a.

Det er også brukt ekstra ressursar mot godkjente prosjektet hjå DSB.

Ressursbruk knytt til DLE utgjorde 1,5 årsverk ved Kvam Energi Nett i 2022.

Straummåling

Myndighetene set krav til kvalitet og tidspunkt for innsamling og levering av måleverdiar, og er noko me har fokus på. Også i 2022 har det vore noko arbeid med «clean-up» rundt AMS målarar. Dette har i hovudsak vore til kundar og anlegg som har vore vanskelege å få avtale med tidlegare.

Det står fortsatt att å skifte nokre målarar hjå kundar som har søkt om fritak, eller har nekta av uviss grunn.

Kvam Kraftverk AS

I samband med innføring av selskapsmessig skille og etablering av konsernstruktur, vart eigarskapet til selskapet overført frå Kvam herad til Kvam Energi AS frå 27. september 2019. I tillegg vart nettverksemda i 2020 skilt ut i eit eige selskap (Kvam Energi Nett AS)

Kvam Kraftverk sine verksemdsområder er no kraftomsetnad, vasskraftproduksjon, utbygging og drift av fibernett, samt noko anna sekundær verksemd. Verksemda vart skipa i 1913 og omdanna til aksjeselskap i 1998.

Økonomi

Driftsrekneskapen viser eit resultat før finans og skatt på 63.619 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 17,8 prosent. Resultat etter skatt vart 47.950 mill. kroner.

Kraftproduksjon

Kvam Kraftverk eig og driv tre kraftstasjonar i Kvam. Dette er Kaldestad kraftstasjon i Norheimsund, Skulafossen kraftstasjon i Strandebarm og Sekkelva kraftverk i Øystese. Samla kraftproduksjon i 2022 var på 63,1 GWh. Dette er om lag 3,1 GWh over 10 års medelen og skuldast mykje nedbør og tilsig. I tillegg er produksjonen ved kraftstasjonen i Nye Skulafossen meir effektiv enn den var ved den gamle kraftstasjonen.

Samla magasinifylling 1. januar 2022 var på 6,0 GWh (58,6 %). Ved utgangen av året var magasinifyllinga 4,8 GWh (47,0 %).

Kraftomsetnad

Målsetjing og styringsdokument for kraftomsetnad er gitt av "Marknadsplan" og "Risikopolicy for Kvam Kraftverk AS". Totalt kraftsal i 2022 var på 127,0 GWh mot 131,3 GWh i 2021.

Talet på kraftkontraktar gjekk ned med 2,5 % i løpet av 2022. Av kraftomsetnaden vart 19,3 GWh produsert i dei lokale småkraftverka, 63,1 GWh vart produsert i egne kraftverk, og dei resterande 44,6 GWh vart kjøpt inn eksternt.

Fibernettt verksemd

Verksemda sitt fibernettt er sett saman av stamnett, hovudnett, fiberaksessar og nodestasjonar som knyter det digitale nettet saman til ein fiberinfrastruktur.

Fibernetttet vert leigd ut til Kvam herad, Kvamnet, BKK Fiber, NextGenTel, Bergen Fiber,

GlobalConnect og Bitpro. Alle bortsett frå Kvamnet leiger lys fiber. Kvam Kraftverk er oppteken av at fibernetttet tilfredsstiller høge krav til kvalitet og oppetid.

Brukarane av fibernetttet er både verksemdar og private. Fibersamband vert også nytta til styring og overvaking av straumnetttet, vassforsyningsanlegg, bygg og tekniske installasjonar.



Norheimsund den 30.mars 2023

Gunnar Skeie

Styreleiar

Anne Marie Øvrevik

Nestleiar

Merete Salvesen

Wallevik

Styremedlem

Vidar Riber

Styremedlem

Eivind Møge

Tilsett valgt
styremedlem

Arne Tillung

Adm. direktør

Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 0 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Norge.

Konsernet Kvam Energi AS er etablert i 2019.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Kvam Energi AS med dotterselskap der Kvam Energi AS har bestemmande innflyting som fylgje av juridisk eller faktisk kontroll. Dette omfattar Kvam Kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskapa som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap som inngår i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflyting (tilknytt selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflyting føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalt innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrive til gjenvinnbart beløp dersom dette er lågare enn bokført verdi og verdifallet er forventa ikkje å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Andre aksjar og andelar klassifisert som anleggsmidlar

Aksjar og investeringar er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa ikkje å vere forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som annan finansinntekt.

Materiallager

Materiallager er vurdert til laveste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Magasinbeholdning

Magasinbeholdning er ikkje balanseført i samsvar med praksis i bransjen. Sjå nærare om dette i note 11.

Fordringar

Kundefordringar og andre krav vert oppførte med pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap på krav vert gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei einskilde krava.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Konsernet etablerte i 2021 ei konsernkontoordning, som inneber at bankinnskot og kassakreditt inngår i konsernmellomverande.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 0 held fram – Rekneskapsprinsipp

Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil seie at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, blir forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planen sin oppteningsformel. Allokeringemetode tilsvarar planen sin oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert såleis lineær opptening brukt. Estimataavvik og effekt av endra føresetnader vert amortisert over forventa attverande oppteningstid i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

Skattar

I tillegg til ordinære overskotsskattar, er kraftlag i samband med produksjon av kraft også pålagt naturressursskatt og grunnrenteskatt. Eigedomsskatt er ført som driftskostnad.

Overskotsskatten er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skattefordel og utsett skatt vert presentert netto i balansen, og netto utsett skattefordel vert balanseført i den grad det vert synleggjort at den vil verta realisert i framtida.

Naturressursskatt er pålagt kraftproduksjon med 1,1 øre pr. kwh som kommunal skatt og 0,2 øre som fylkeskommunalskatt. Grunnlaget er gjennomsnittleg kraftproduksjon siste 7 år. Naturressursskatten vert samordna med overskotsskatt.

Grunnrenteskatt er pålagt kraftverk med merkeyting over 10.000 kVa. Ingen av kraftsasjonane som Kvam Kraftverk eig kjem inn under denne regelen pr. i dag.

Overføringsinntekt/nettregulering

Nettdrift vert fastsett av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktisk innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og tilbakeført til kundane. Mindreinntekt kan Kvam Kraftverk AS velje å krevja inn frå kundane.

Anleggsbidrag/offentlege tilskot

Anleggsbidrag frå det offentlege og private til investeringar, har gått til frådrag på aktiverte verdiar.

Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, det vil sei når risiko og kontroll er overført kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Inntekt frå energisal vert rekneskapsført ved levering. Realiserte inntekter frå fysisk og finansiell handel i energikontrakter vert presentert som energisal. Vinst og tap ved finansiell sikring vert presentert netto.

Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke skjønsmessig fordeling mellom periodane.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 0 held fram – Rekneskapsprinsipp

Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstrøumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 1 – Segmentinformasjon konsern (tall i heile tusen)

1.000 kr	Kraft- omsetnad	Prod.	Nett- verksemd	Adm.	Arbeid	Fibernet	Eliminering konsern	Sum
Driftsinntekter								
Netto energisal	222 935	110 170	-30					333 075
Nettleige			69 054					69 054
Andre driftsinntekter	15 479	66	1 645	6 983	4 935	8 346	-8 334	29 120
Sum driftsinntekter	238 414	110 236	70 669	6 983	4 935	8 346	-8 334	431 249
Driftskostnader								
Kraftkjøp	278 349		15 688					294 037
Andre varekostnader		-4 140	10 577		2 097			8 534
Løn og andre personalkostnader	1 629	866	15 531	3 359	3 246	1 555		26 186
Andre driftskostnader	2 903	2 598	12 523	2 039	347	2 931	-8 334	15 007
Eigedomsskatt				1				1
Ordinære avskrivningar	627	1 850	7 929	19	217	4 421		15 063
Sum driftskostnader	283 508	1 174	62 248	5 416	5 906	8 907	-8 334	358 826
Driftsresultat	-45 094	109 062	8 421	1 567	-971	-561	0	72 423

Berekning av meir-/mindreinntekt inklusive KILE

Sum nettleigeinntekt	55 007
Flaskehalsinntekt	12 002
Andre inntekter (inkl. morarenter)	209
Sum faktisk nettleigeinntekt	67 218
Fastsett initiell inntekt i eige nett (-)	-54 715
KILE-kostnader	515
Fjerning av tidsetterslep investeringar	-1 970
Kostnader ved overleggjande nett (-)	-8 603
Eigedomsskatt	-2 008
Kostnader EI-hub	-452
Total inntektsramme	-67 233

Meir- (+)/mindreinntekt (-)	-15
Korreksjon for tidlegare periodar	-4 342
Renter	-103
Meir- (+)/mindreinntekt (-) i året	-4 460

Avkastingsgrunnlag

	Gj.snitt
Driftsmidlar	205 303
Kundespesifikke anlegg	0
Felles anleggsmidlar	0
Netto arbeidskapital (påslag 1%)	2 053
Sum avkastingsgrunnlag	207 356

Avkastning %	5,4 %
--------------	-------



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 2 – Kraftkontraktar

Kvam Energi Nett AS har leveringsplikt på energi levert i eige forsyningsområde. Totalt er dette vurdert til 170 GWh for 2023.

Kvam Kraftverk AS leverte 127 GWh til sluttkundar i 2022. Av dette var 41 GWh solgt til fastpris, 6,8 GWh av dette var prissikra, resten vart kjøpt i spotmarknaden. For 2023 er det forventa eit kraftsal på 130 GWh. Av dette er 22 GWh solgt til fastpris, resten til spotpris, 3,5 GWh av dette er prissikra eksternt. For åra 2024-2025 er 11,5 GWh solgt til fastpris, dette er ikkje prissikra eksternt.

Det er føreteke ei samla vurdering av levering og kjøp av kraft, og det er ikkje grunnlag for å fastslå at det ligg føre forventa eller urealisert tap ved årsskiftet.

Eigenproduksjonen var på 63,1 GWh i 2022 mot 44,3 GWh i 2021. Middelproduksjonen for dei siste 10 åra er på 58,0 GWh.

Note 3 – Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjersler

Mor		Lønnskostnad	Konsern	
2021	2022		2022	2021
2 943 216	3 064 446	Løn	24 041 615	22 748 814
400 001	443 256	Arbeidsgjevaravgift	3 226 927	3 084 430
728 841	660 385	Pensjonskostnader (ref. note 7)	4 554 836	4 702 822
59 297	822 737	Anna godtgjersle	1 010 537	684 799
<u>4 131 355</u>	<u>4 990 824</u>	Sum	<u>32 833 915</u>	<u>31 220 864</u>
<u>3</u>	<u>3</u>	Gjennomsnittleg tal på tilsette	<u>31</u>	<u>31</u>

Ytingar til leiande personar	Løn (honorar)	Pensjonskostnader	Anna godtgjersle
Adm.direktør	1 305 504	26 110	16 304
Styret	509 930	0	0

Revisor

Utbetalt godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap fordeler seg som følgjer:

Morselskap

	2022
Lovpålagt revisjon	85 000
Rekneskapsteknisk bistand	55 000
Andre tenester utanfor revisjon	11 725
Sum	<u>151 725</u>



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 3 forts. – Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersler

Konsern

	2022	2021
Lovpålagt revisjon	410 000	215 000
Rekneskapsteknisk bistand	122 500	175 000
Andre attestasjonstenester	69 600	92 375
Andre tenester utanfor revisjon *)	224 263	60 000
Sum	<u>826 363</u>	<u>542 375</u>

*) Beløpet inkluderer kr 164.263 som er fakturert frå Deloitte Advokater AS i 2022 og kr 12.500 i 2021.

Note 4 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar

Kvam Energi AS har pensjonsordning som omfattar noverande og tidlegare tilsette i selskapet.

I morselskapet det 5 aktive og oppsette medlemmar i ordninga. Konsernet har pensjonsordningar som omfattar i alt 48 aktive og oppsette medlemmar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit livsforsikringsselskap.

Morselskap

	2022	2021
Pensjonsopptening i året	592 056	564 359
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	486 815	394 781
Avkasting på pensjonsmidlar	<u>-740 421</u>	<u>-552 377</u>
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	338 450	406 763
Resultatførte estimatavvik	399 016	403 034
Arbeidsgjevaravgift	<u>38 258</u>	<u>45 470</u>
Netto pensjonskostnad (etter arbeidsgjevaravgift)	<u>775 724</u>	<u>855 267</u>
	2022	2021
Berekna pensjonsforpliktingar	-26 238 210	-26 030 285
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	20 552 919	20 077 561
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	<u>6 300 009</u>	<u>6 321 025</u>
Netto pensjonsmidlar etter arb.gj.avg.	<u>614 718</u>	<u>368 301</u>



Kvam Energi AS - konsern
Notar til rekneskapen 2022

Note 4 forts. – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar

Konsern

	2022	2021
Pensjonsopptening i året	4 478 362	4 068 565
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	2 189 009	1 751 737
Avkasting på pensjonsmidlar	<u>-3 389 887</u>	<u>-2 473 882</u>
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	3 277 484	3 346 420
Resultatførte estimatavvik	1 631 036	1 753 840
Arbeidsgjevaravgift	<u>362 333</u>	<u>369 914</u>
Netto pensjonskostnad (etter arbeidsgjevaravgift)	<u>5 270 853</u>	<u>5 470 174</u>
Pensjonskostnad tilhøyrande konsernet	<u>5 270 853</u>	<u>5 470 174</u>
	2022	2021
Berekna pensjonsforpliktingar	-114 557 688	-114 852 211
Pensjonsmidlar (til marknadsvardi)	92 152 860	91 305 391
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	<u>25 985 249</u>	<u>27 419 807</u>
Netto pensjonsmidlar etter arb.gj.avg.	<u>3 580 421</u>	<u>3 872 987</u>

Økonomiske føresetnader morselskap og konsern:

	2022	2021
Diskonteringsrente	3,00 %	1,90 %
Forventa lønsregulering	3,50 %	2,75 %
Forventa avkasting på fondsmidlar	5,20 %	3,70 %
Årleg pensjonsregulering	2,63 %	1,73 %
Årleg G-regulering	3,25 %	2,50 %

Som aktuarmessige føresetnader for demografiske faktorar og avgang er lagt til grunn vanleg nytta føresetnader innan forsikring.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 5 – Varige driftsmidler

Morselskap	Kontor- maskiner
Anskaffingskost pr. 1.1.	39 637
Tilgang i året	16 621
Avgang til anskaffingskost	0
Anskaffingskost pr. 31.12.	56 258
Akkumulerte av-/nedskrivningar pr. 1.1.	16 447
Avskrivningar i året	18 529
Akkumulerte av-/nedskrivningar pr. 31.12.	34 976
Bokført verdi pr. 31.12.	21 282
Lineære avskrivningar	3-5 år

Konsern	Goodwill	Tomter, vegar	Rail- stasjonar inkl. andel maskiner m.m.	Distribu- sjonsnett	Fibernet	Bygningar	Driftslaus- øyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffingskost pr. 1.1.	1 987 000	11 934 814	110 060 892	357 037 856	87 737 337	23 289 976	26 906 560	618 954 435
Tilgang	0	0	323 463	17 847 652	2 384 031	322 351	471 725	21 349 222
Avgang	0	0	0	1 530 933	0	0	337 800	1 868 733
Anskaffingskost pr. 31.12.	1 987 000	11 934 814	110 384 355	373 354 575	90 121 368	23 612 327	27 040 485	638 434 924
Akkumulerte avskrivningar pr. 1.1.	1 987 000	0	41 844 201	171 636 025	44 170 551	15 548 004	22 143 923	297 329 704
Avskrivningar i året	0	0	1 850 155	7 260 560	4 298 623	253 849	1 399 039	15 062 225
Akkumulerte av- og nedskrivningar pr. 31.12.	1 987 000	0	43 694 356	178 896 585	48 469 174	15 801 853	23 542 962	312 391 929
Bokført verdi pr. 31.12.	0	11 934 814	66 689 999	194 457 990	41 652 194	7 810 474	3 497 523	326 042 631
Økonomisk levetid	5 år		25-75 år	15-50 år	8-20 år	50 år	3-10 år	

Alle driftsmidler vert avskrivne lineært.

I tillegg er det balanseført anlegg under arbeid med kr 10.859.938. Tilsvarande tal for 2021 var kr 4.187.290.

Note 6 – Magasinfylling

Konsern

Magasinfyllinga var 47 % 31.12.2022. Magasinbeholdninga er ikkje teken med i balansen.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 7 – Skattekostnad

Morselskap

Skattekostnad i året kjem fram slik:	2022	2021
Betalbar skatt alminneleg inntekt	40 054	33 018
Endring i utsett skatt	5 190	16 938
Skattekostnad ordinært resultat	<u>45 244</u>	<u>49 956</u>

Skattbar inntekt:

	2022	2021
Resultat i året før skatt	200 879	9 227 074
Varige skilnader	4 778	-9 000 000
Endring i midlertidige skilnader	<u>-23 592</u>	<u>-76 992</u>
Skattbar inntekt	<u>182 065</u>	<u>150 082</u>

Spesifikasjon av skatteeffekten av mellombelse skilnader alminneleg inntekt:

	2022	2021	Endring
Driftsmidler	-812 948	-805 232	7 716
Pensjonspremie/ -forpliktig	614 718	583 410	-31 308
Sum	<u>-198 230</u>	<u>-221 822</u>	<u>-23 592</u>
Ikkje balanseført utsett skattefordel			
Utsett skattefordel (22%)	<u>-43 611</u>	<u>-48 801</u>	<u>-5 190</u>

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

Konsern

Skattekostnad i året kjem fram slik:	2022	2021
Betalbar skatt alminneleg inntekt	13 951 133	2 198 910
Skatteeffekt av konsernbidrag	0	1 361 083
Endring i utsett skatt	<u>824 690</u>	<u>1 910 334</u>
Skattekostnad ordinært resultat	<u>14 775 823</u>	<u>5 470 327</u>

Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:

Skattbar inntekt:	2022	2021
Resultat i året før skatt	67 031 461	24 872 499
Varige skilnader	131 374	-8 856 380
Endring i midlertidige skilnader	<u>-3 748 592</u>	<u>-15 020 072</u>
Konsernbidrag	<u>0</u>	<u>6 186 471</u>
Skattbar inntekt	<u>63 414 243</u>	<u>7 182 518</u>



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 7 forts. – Skattekostnad

Spesifikasjon av skatteeffekten av mellombelse skilnader alminneleg inntekt:

	2022	2021	Endring
Driftsmidler	10 564 834	6 426 566	-4 138 268
Fordringar	-360 000	-360 000	0
Pensjonsforplikting	3 580 421	4 088 096	507 675
Meir-/mindreinntekt	4 460 000	4 342 000	-118 000
Aksjer	-151 000	-151 000	0
Sum	<u>18 094 255</u>	<u>14 345 662</u>	<u>-3 748 593</u>
Ikkje balanseført utsett skattefordel			
Utsett skatt (22%)	<u>3 980 736</u>	<u>3 156 046</u>	

Note 8 – Aksjar og andelar i andre føretak mv.

Morselskap

Dottarselskap	Forretnings- kontor	Eigarandel	Stemme- andel	Resultat i året	Eigenkapital 31.12.2022	Anskaffings- kost	Balanseført verdi
Kvam Energi Nett AS	Kvam	100 %	100 %	4 150 218	94 545 568	34 431 005	34 431 005
Kvam Kraftverk AS	Kvam	100 %	100 %	47 949 784	80 924 874	98 729 995	98 729 995

Konsern

	Eigarandel	Anskaffings- kost	Balanseført verdi
<i>Anleggsmidler:</i>			
Eigenkapital innskoten KLP		2 473 598	2 473 598
Porkegjel Kraft AS	12,70 %	21 194	21 194
Valider AS	4,00 %	80 900	80 900
Sum		<u>2 575 692</u>	<u>2 575 692</u>

Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 9 – Langsiktig gjeld, pantsetjingar og garantiar

Konsern

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av regnskapsåret:

Gjeld som forfell meir enn fem år etter regnskapsårets slutt:

Lån i Kvam Energi AS forfell etter 3 år. Nedbetalingsprofil på dei to grønne låna er hhv. 25 og 30 år.

Bokført gjeld som er sikra ved pant og liknande:

Gjeld til kredittinstitusjonar langsiktig	167 196 680	173 621 200
Gjeld til kredittinstitusjonar kortsiktig	0	11 381 740

Bokført verdi av eiga stilt som sikkerheit for bokført gjeld:

Bygningar og kraftstasjonar	74 500 473	75 958 663
Driftstilbehør	3 497 523	4 424 837
Kundefordringar	80 789 738	52 376 862
Varelager	3 782 968	3 903 271
Sum	162 570 702	136 663 633

Det er negativ pant i nettanlegg og fiber knytt til lån.

Morselskapet Kvam Energi AS har teke opp lån på vegne av dotterselskapa som er bokført som mellomverande i Kvam Kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS.

Note 10 – Mellomverande og transaksjonar med nærstående selskap

Morselskap

Gjeld til konsernselskap	2022	2021
Kvam Kraftverk AS	106 159	3 889 240
Sum	106 159	3 889 240

Langsiktig fordring på konsernselskap	2022	2021
Kvam Energi Nett AS	97 065 088	78 209 000
Kvam Kraftverk AS	91 595 680	95 412 200
Sum	188 660 768	173 621 200

Kortsiktig fordring på konsernselskap	2022	2021
Kvam Energi nett AS	20 549 782	9 000 000
Kvam Kraftverk AS	3 417 178	0
Sum	23 966 961	9 000 000

I 2022 består langsiktig fordring på konsernselskap av langsiktig banklån tatt opp på vegne av dotterselskapa Kvam Energi AS og Kvam Energi Nett AS.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 10 forts. – Mellomverande og transaksjonar med nærstående selskap

Transaksjonsgruppe	Linje	Motpart	Forhold til motparten	2022
Adminstrasjonsinntekt	Driftsinntekt	Kvam Kraftverk AS	Dotterselskap	3 052 932
Adminstrasjonsinntekt	Driftsinntekt	Kvam Energi Nett AS	Dotterselskap	3 930 032
Sum driftsinntekter frå nærstående selskap				6 982 964

Transaksjonsgruppe	Linje	Motpart	Forhold til motparten	2022
Husleige	Annan driftskostnad	Kvam Energi Nett AS	Dotterselskap	166 128
Innleide timer	Annan driftskostnad	Kvam Energi Nett AS	Dotterselskap	34 524
Sum kostnad til nærstående selskap				200 652

Note 11 – Bundne midlar og garantiar

I posten bankinnskot og kontantar inngår midlar som gjeld forskotstrekk tilsette for morselskapet med kr 202.597 og for konsernet med kr 1.713.354. Beløpa dekkjer skuldig forskotstrekk ved slutten av året.

Note 12 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon (Morselskap)

Kvam kommune eig 1.000 av 1.000 aksjar i Kvam Energi AS pålydande kr 10.000. Ingen styremedlemmer eller dagleg leiar har aksjar eller opsjonar i selskapet.



Kvam Energi AS - konsern

Notar til rekneskapen 2022

Note 13 – Eigenkapital

Morselskap

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.	10 000 000	119 447 876	177 118	129 624 993
<i>Endring i året</i>				
Resultat i året			21 155 635	21 155 635
Avsett utbytte			-21 000 000	-21 000 000
Eigenkapital 31.12.	10 000 000	119 447 876	332 753	129 780 629

Konsern

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.	10 000 000	118 389 025	12 445 408	140 834 434
<i>Endring i året</i>				
Resultat i året			52 255 638	52 255 638
Avsett utbytte			-21 000 000	-21 000 000
Eigenkapital 31.12.	10 000 000	118 389 025	43 701 046	172 090 071

Note 14 – Finansiell risiko

Konsern

Kvam Kraftverk har inngått leveringskontrakt på delar av kraftproduksjonen. For 2022 var dette 7,5 GWh, resten vart seld til spotpris. For 2023 er 12 GWh prissikra.

Kraft vert kjøpt og seld gjennom Fjordkraft i norske kroner, dette gjeld og prissikringar.

Det er inngått salsavtalar til fastpris for 23,5 GWh i 2023 og 12,5 GWh i 2024. Dette volumet er ikkje prissikra eksternt. Sikringkontraktane vert bokførte i tilhøyrande periode som salsavtalane.

Det førekjem ikkje kjøp eller sal i valuta, og det er ikkje balansepostar i valuta.

Kvam Energi AS si langsiktige gjeld er pantelån. Av lånet er MNOK 50 sikra med fastrente ved at det er inngått renteswap avtale som gjeld til og med 30.9.2030. Ellers er det flytande rente på lån.



Kvam Energi AS - Konsern Resultatrekneskap

Mor				Konsern	
2021	2022	NOTAR	DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2022	2021
0	0	1, 2	Energisal	333 004 655	135 598 680
0	0	1	Inntekter overføring	57 051 309	55 082 055
6 804 598	6 982 962	1	Andre driftsinntekter	41 193 277	28 429 985
6 804 598	6 982 962		Sum driftsinntekter	431 249 241	219 110 720
			Aktivering investeringsarbeid	-6 647 818	-6 404 607
0	0	1	Energikjøp	294 197 879	121 473 371
0	0	1	Overføringstenester	6 045 495	14 356 414
4 131 355	4 990 824	1, 3, 4	Lønskostnader	32 833 915	31 220 864
13 913	18 529	5	Ordinær avskrivning	15 062 226	14 059 253
2 035 513	2 051 375	1, 5	Annan driftskostnad	17 334 733	15 705 246
6 180 781	7 060 728		Sum driftskostnader	358 826 430	190 410 541
623 816	-77 766		Driftsresultat	72 422 811	28 700 179
			FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER		
9 000 000	21 000 000		Inntekt på investering i dotterselskap	0	0
0	268 730		Renteinntekt fra foretak i samme konsern	0	0
338 693	1 168 136		Renteinntekt	416 902	437 782
297 233	45 000		Annan finanskostnad	297 210	310 675
438 203	1 113 221		Rentekostnad	5 511 041	3 954 787
8 603 257	21 278 645		Resultat av finanspostar	-5 391 349	-3 827 680
9 227 074	21 200 879		Ordinært resultat før skattekostnad	67 031 462	24 872 499
-49 956	-45 244	7	Skattekostnad på ordinært resultat	-14 775 823	-5 470 327
9 177 118	21 155 635		Resultat i året	52 255 639	19 402 172
			OVERFØRINGAR		
9 000 000	21 000 000		Forslag til utbyte	21 000 000	9 000 000
117 118	155 635		Overført til annan egenkapital	31 255 639	10 402 172
9 117 118	21 155 635		Sum overføringar	52 255 639	19 402 172



Kvam Energi AS - Konsern

Balanse 31. desember

Mor		NOTAR	EIGA	Konsern	
2021	2022			2022	2021
			Anleggsmidler		
			Immateriell eiga		
48 801	43 611	7	Utsett skattefordel	0	0
48 801	43 611		Sum immateriell eiga	0	0
			Varige driftsmidler		
0	0	5	Anlegg, bygningar og annen fast eigedom	329 832 040	316 115 110
23 190	21 282	5	Maskiner, transportmidlar og inventar	7 070 529	8 149 560
23 190	21 282		Sum varige driftsmidler	336 902 569	324 264 670
			Finansielle anleggsmidler		
133 161 000	133 161 000	8	Investeringer i dotterselskap	0	0
173 621 200	188 660 768	9	Langsiktige krav	297 656	297 656
37 771	79 233	8	Investeringer i aksjar og andelar	2 575 692	2 395 965
583 410	614 718	4	Pensjonsmidlar	3 580 421	4 088 096
307 403 381	322 515 719		Sum finansielle anleggsmidler	6 453 769	6 781 717
307 475 372	322 580 612		Sum anleggsmidler	343 356 338	331 046 387
			Omlaupsmidler		
			Materiallager	3 782 968	3 903 271
			Fordringar		
0	0		Kundefordringar	80 789 738	52 376 862
9 000 000	44 966 961	10	Fordring på konsernselskap	0	0
125 855	205 716		Andre fordringar	8 844 801	15 721 810
9 125 855	45 172 677		Sum fordringar	89 634 539	68 098 672
8 409 362	202 597	11	Bankinnskot, kontantar o.l.	24 357 570	1 786 328
17 535 217	45 375 274		Sum omlaupsmidler	117 775 077	73 788 271
325 010 589	367 955 886		SUM EIGA	461 131 415	404 834 658



Kvam Energi AS - Konsern

Kontantstrømoppstilling

Mor			Konsern	
2021	2022	KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	2022	2021
9 227 074	21 200 879	Ordinært resultat før skattekostnad	67 031 462	24 872 499
-137 998	-33 018	Betalt skatt i perioden	-2 198 910	-1 034 804
13 913	18 529	Ordinære avskrivningar/nedskrivningar	15 062 226	14 059 253
-82 581	-31 308	Pensjonskostnad utan kontanteffekt	507 675	519 434
-172 893 159	-54 789 610	Endring i konsernmellomværande	-9 000 000	0
0	0	Endring i varer	120 303	191 240
0	0	Endring i kundekrav	-28 412 876	-27 511 513
-363 464	127 161	Endring i leverandørgjeld	-2 324 648	1 466 646
6 293 994	3 168 424	Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar	27 472 123	14 628 817
-157 942 221	-30 338 943	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	68 257 355	27 191 572
KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR				
0	0	Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	321 745	90 000
0	-16 621	Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-28 021 870	-16 183 599
-37 771	-41 462	Utbetalningar ved kjøp av finansielle anleggsmidlar	-179 727	-168 301
-37 771	-58 083	Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-27 879 852	-16 261 900
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR				
173 621 200	0	Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	53 133 389
0	-6 424 520	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-6 424 520	0
0	37 614 781	Netto endring i kassekreditt	-11 381 740	-62 569 835
-7 700 000	-9 000 000	Utbetaling av utbyte	0	-7 700 000
165 921 200	22 190 261	Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-17 806 260	-17 136 446
7 941 208	-8 206 765	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	22 571 243	-6 206 774
468 155	8 409 362	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1.	1 786 328	7 993 102
8 409 363	202 597	Behaldning av bankinnskot og verdipapir o.l. pr. 31.12.	24 357 571	1 786 328